


DNS



KRISTIN
LAVRANDSDATTER

MUSIKAL AV
SVEIN STURLA HUNGNES
OG JULIAN BERNTZEN

BASERT PÅ
SIGRID UNDSETS
ROMANTRILOGI



Kjære publikum, takkt for at de gjer oss modige!

Det er nokre romanar ein aldri vert ferdig med. Sigrid Undsets romantrilogi om Kristin Lavransdatter er eit slikt verk. Om du les romanane som attenåring, får du ei heilt anna oppleving av Kristin enn om du les ein av romanane seinare i livet.

Årsaka er at dette er ei så rik og konfliktfull skildring av eit kvinneliv at vi alle kan kjenne oss att i nokre av Kristin sine tankar om tvil og tru, kjærleik og plikt. Sigrid Undset fekk Nobels litteraturpris for si dikting, og *Kristin Lavransdatter* er ein av våre aller største litterære skattar. Det er ei dramatisk forteljing om synd og skam, om svik og om stormfull kjærleik. Det er saga om ei eigenrådig kvinne som bryt alle normer, som trosser sin eigen familie og seg sjølv.

For nærare fire år sidan kom Svein Sturla Hungnes til meg og foreslo at vi skulle lage ein musikal basert på Sigrid Undset sine bøker om Kristin Lavransdatter. Eg tenkte med ein gong at dette var ein strålande ide.

Det er ei stor oppgåve Den Nationale Scene har teke på seg med denne urpremieren. 22 skodespelarar, 4 dansarar, 11 musikarar og to lag med 6 born har jobba intenst med å gje liv til Undsets verk slik det vert fortolka av Svein Sturla Hungnes og Julian

Berntzen. Brit Bildøen har dikta nydelege songtekstar av materialet, og alle verkstadar på huset har jobba på spreng for å kome i hamn. Då eg spurde den dyktige leiaren for kostymeavdelinga kor mange kostyme dei hadde sydd for å kome i mål, svara Grethe Sjøstrøm: «Eg veit ikkje. Vi har aldri tid til å telje!»

Det er eit stort privilegium å leie DNS. Det er samstundes eit stort ansvar. Vi forvaltar store offentlege ressursar. Vår oppgåve må vere både å nytolke klassikarar og skape heilt ny dramatik. Gjennom musikalen *Kristin Lavransdatter* gjer vi begge delar.

I 2018 er åtte av 12 produksjonar urpremierar. Takkt for at de gjev oss mot, fordi de møter opp til noko som ikkje er spelt før.

Det er med ei stor glede vi inviterer dykk alle til urpremiere på musikalen om Kristin Lavransdatter.

Agnete G. Haaland
Teatersjef



Idéen om kjærleik

For meg er *Kristin Lavransdatter* ei historie om kjærleik. Kroppsleg og åndeleg kjærleik. Kjærleiken er bindeleddet mellom hovudpersonane i dette meisterverket. Kjærleiken går som ein vev gjennom liva deira, og dannar eit mønster der kvar og ein av dei bidreg til eit heilskapleg bilete. Kjærleiken sine vegar er «fulle av blomar og blod», seier Hamsun, og får støtte for denne påstanden frå Sigrid Undset. Kjærleiken nærer seg som kjent på motstand, og alt som kjem i vegen for den må vika.

I *Kristin Lavransdatter* vert sjølve idéen om kjærleiken viktigare og viktigare ettersom den fysiske og åndelege kjærleiken byrjar å skrantar, og kvardagen med sine realitetar innhentar menneska. Når dårleg samvit og aukande press om å underkasta seg det religiøse i tillegg trugar med å styra liva deira, hardnar konfliktnivået til.

I denne trilogien står ein overfor eit sterkt medrivande stoff, og difor er det så freistande å gi det liv på ei scene. Ein trur kanskje at det er omfanget og det store tidsspennet som er den største utfordringa når ein skal leggja til rette for å bruka Undset sitt rike stoff på ei scene. Eller at mellomalderinnramminga kan verta opplevd som avgrensande. Det er det ikkje. Når det kjem til tematikk er Undset sitt persongalleri moderne, og situasjonane og oppbygginga er noko ein lett kan kjenna seg igjen i. Det som derimot er utfordrande er å løfta førestillinga ut frå dei skildringane av naturen som er ein så stor del av Undset sine bøker, og ikkje minst finna ei form på dei indre monologane. Difor kjente eg det


som ei stor lette då tanken om ein musikal slo ned i meg.

Utviklinga til musikalen har vore banebrytande dei siste tiåra. Ein kan nytta nær sagt alle tema. Det viste *Next to Normal*, musikalen eg gjorde for nokre år sidan, tydeleg. *Next to Normal* handlar om ein familie der ein av personane har ei bipolar lidning. Og ikkje minst *Les Miserables* som vart møtt av ein solid skepsis då han vart lansert, men som no må reknast som ein av dei mest anerkjende musikalane.

For meg har arbeidet med *Kristin Lavransdatter* opna blikket mitt mot nye moglegheiter, og tanken min har vorte gjort friare i synet på å dramatisera andre litterære verk. Om dette vil resultera i fleire nye musikalar får tida visa - eg veit jo no kor lang vegen er å gå. Men det er i alle fall ikkje noko å utsetja på lysta...

Så vil eg gjerne få retta ein stor takk til DNS som hadde viljen og motet til å satsa på denne storproduksjonen, og håpa at den kjem publikum og teateret til gode.

Med ønskje om ein kveld rik på opplevingar!



Svein Sturla Hungnes,
dramatiker og regissør



Kristin Lavransdatter

Ein musikal av Svein Sturla Hungnes og Julian Berntzen
Basert på Sigrid Undsets romantrilogi



Dramatisering og regi:	Svein Sturla Hungnes	Ulv:	Frode Bjørøy/ Sigmund Njøs Hovind
Komponist:	Julian Berntzen	Eline:	Benedikte Sørbye
Songtekstar:	Brit Bildøen i samarbeid med Svein Sturla Hungnes	Åshild/Alvemøens stemme:	Ragnhild Gudbrandsen
Scenograf og lysdesignar:	Ola Bråten	Broder Edvin:	Gerald Pettersen
Kostymedesignar:	Christina Lovery	Sira Eirik:	Kristoffer Sagmo Aalberg
Koreograf:	André Danielsen	Bentein/Jammelt:	Sverre Breivik
Maskeansvarleg:	Mette Noodt	Inga/Fru Groa:	Kjersti Elvik
Arrangement/musikalsk leing:	Hans Einar Apelland	Arne/Vidar:	Aksel Mørk
Kapellmeister/Repetitør:	Petter Kragstad	Gyrd/Haftor:	Håkon Moe
Manusdramaturg:	Solrun Toft Iversen	Potentia/Sunniva/Alma:	Katrine Lunde Mackenzie
Forestillingsdramaturg:	Toril Solvang	Munan/Holmgeir/Nåkkve:	Kristian Berg Jåtten
Omsetting til nynorsk:	Brit Bildøen	Andres/Sysselmann:	Sverre Røssummoen
Skodespelare:		Bård/Kolbein:	Jon Ketil Johnsen
Kristin:	Herborg Kråkevik	Gunnhild:	Hilde Trætteberg Serkland
Kristin/Sunniva:	Nina Hammarklev	Dansarar:	Ane Evjen Gjøvåg
Kristin som ung/son:	Tomine Mikkeline Eide		Antero Hein/ Stian Danielsen
Erlend:	Hans Marius Hoff Mittet		Stian Bergdølmo
Lavrans:	Bjørn Willberg Andersen	Barn:	Anette Stokke
Ragnfrid:	Irene Waage	Kristin som barn og	
Ramborg/Ingebjørg:	Susann Bugge Kambestad	Ramborg som ungdom:	Emmelin Marsteen/ Linnea Selvik Hellesøy
Simon:	Sindre Postholm		



Ulvhild som barn:	Andrea Othilie H. Willhelmsen Stella Iversen	Perkusjon	Frank Jakobsen og Ivar Kolve
Bentein som barn:	Julian Søreide Solsvik Mathias Tiedemann	Inspisient: Lydteknikar:	Kjell Arve Vorland Bjarte Våge og Rune Bjørøy
Bentein som ungdom/ Nåkkve som barn/ungdom:	Filip Rasmussen/ Jakob Husa Moldestad	Lysteknisk ansvarleg: Videoteknisk ansvarleg:	Geir Hovland Einar Bjarkø
Arne som barn:	Olai Bordvik/ Didrik August Strønen Damm	Parykkmaker: Rekvisitør:	Kati Sjøgren Espen Røen/ Cathrine Hopstock
Arne som ungdom/ Gaute som barn/ungdom:	Leon Krog Vignal/ Simen C. Olerud	Maskeassistenter:	Ingrid Stasi Skjold Live Erin Brændmo Tonje Hansen Even Kråkenes
Musikarar:		Scenetekn. kontakt: Sufflør:	Britney Elise Sudmann-Mack Michaela Vyskocil Gettvert
Kapellmeister, keyboards	Petter Kragstad	Produksjonsassistent:	Michaela Vyskocil Gettvert
Fiolin, hardingfele	Johanne Mjøs		
Fløyter	Laila Kolve	Teaterforlag:	Songbird
Treblåseinstrument	Jan Kåre Hystad		
Fransk horn	Stine Nermo		
Trombone	Håvard Funderud	Varighet: ca tre timer inkl. pause. Dekor og kostymer er produsert på DNS' verkstader.	
Keyboards	Helge Lillevedt		
Gitar m.m.	Thomas Valeur		
Kontrabass	Ole Amund Gjersvik		

Urpremiere 10. februar 2018 på Store Scene





Når bøkene syng

Musikalen er ein heilt eigen sjanger, han er ein flott frodig plante midt mellom det tradisjonelle teateret og operaen. Ein kan lika musikalen, eller gå utanom han, men det er etter mitt syn ein sjanger som under alle omstende krev mykje av stoffet som danner grunnlaget for den. Det viktigaste av alt er at forteljinga må synga for oss. Når boka eller grunnmaterialet i eller anna form syng, meiner eg at det har nokre vesentlege grunnpilarar i seg som snakkar til kjenslene våre.

Kristin Lavransdatter er absolutt eit verk som kan inspirera ein komponist, forteljinga har musikk i seg. Songane og musikken ligg gøymt bak kvar side og kvart ord i Sigrid Undset si gripande forteljing, i måten ho viser fram lagnaden til menneska, demonane deira og dei store kjenslene deira på. Det er sterke krefter i sving når Kristin si kvinnelege urkraft rører ved mennene ho møter, når ho gjer dei store vala i livet, eller i Lavrans og Ragnfrid si sorg over vesle Ulvhild. Det er òg sterke kjensler i det altoppslukande og eksplosive kjærleiksmøtet mellom Kristin og Erlend, og i kampen deira for kjærleiken i åra etter den første, store forelskinga. Arne si sorg over å aldri verta valt av henne som var den store kjærleiken i barndommen er vond, og det er eit mørke og ein musikalsk motpol til alt dette i Sira Eirik sin dømman de og brutale måte å knebla folk til tru og kvalar. Alt dette og meir til er pakka inn i eit spanande miljø, ei anna tid som likevel er vår arv, våre imaginære forfedre i ei fjern fortid.


Det har ikkje vore vanskeleg å verta inspirert til å skapa musikken til *Kristin Lavransdatter*, musikken har enkelt kome til meg kvar gong eg har sett meg ned for å arbeida, i dagar, veker og år, han er til saman på over tusen skisser med prøving og feiling som til slutt vart til i underkant av

førti musikalske strekk. Prosjektet har vore ein kjærkomen følgjesvein i to år. Mogning er viktig i eit slikt prosjekt som dette, ein må ha god tid til å kunne arbeida langsamt og detaljert, trinn for trinn. Musikalske tema som vert skapte må få kvila og deretter verta lytta til på nytt. Ein får ikkje kvile og fred før den store seglasen har starta, fortøyinga vert løst og verket sjøsett på premierekvelden.

Det har vore ei lang reise for meg i teaterverda dei siste ti åra. Det skulle ta lang tid, krevja full satsing, og at eg sette til sides alt anna av musikalske ambisjonar, før eg kunne kalla meg teaterkomponist. Eg har vore svært heldig og fått læra av dei beste gjennom fleire store prosjekt, site ved sidan av instruktørar i veke etter veke, jobba saman med dyktige koreografar, musistarar, arrangørar, folk som hadde ein spisskompetanse på så mange felt, som kunne alt det eg ikkje kunne.

Ein kan ikkje skriva verken musikk eller tekst til ein musikal som *Kristin Lavransdatter* kvar for seg, prosjektet krev ein samansveisa og tillitsfull flokk som ser etter det same og som lukkast med å verta samde om eit uttrykk. Det har vore ei glede å verta kjent med og arbeide med Svein Sturla Hungnes, som hadde ideen, visjonen, manus og ei sterk, trygg og røynd hand over prosjektet frå første stund og fram til ferdig framsyning. Brit Bildøen har arbeidd ut songtekstar med så mykje kjensler og vakker poesi, det har vore så fint å leggja orda inn i musikken og så leggja musikken inn i dei dramatiske situasjonane. Takk til den fabelaktige hæren av dyktige medarbeidarar, bak og på scena som så tok tak i materialet. Eg er så takksam for å få vera med på dette store løftet med dykk alle.

Julian Berntzen, komponist




Gud sitt nærvere i alle ting

Den religiøsiteten me finn i Noreg i mellomalderen var ein kristendom som var djupt heimla i folket gjennom rituale og praksisar gjennom fleire hundre år.

Rituala knytta seg både til messefeiringa, samt rituelle handlingar og religiøse praksisar knytt til årstidene sin gang, dagleglivet sitt arbeid med velsigning av buskap, åker og eng, samt all slags andre gjeremål. Denne praktiske religiøsiteten var òg knytt til stader som hadde ei spesiell tyding, det kunne vera kyrkja i soknet, relikviar etter helgenar og mirakelgjerande bilete eller heilage kjelder eller viktige pilgrimskyrkjer som Olavskyrkja i Nidaros. Gud kommuniserte med menneska gjennom, og i, den skapte verda si utfolding og ved mirakel og teikn.

I ein historisk samanheng der ein ser på ærefrykt, har ein definert nærvere av det guddommelege som ei forståing av nærleik til nåden, noko som betydde at unåden, dei vonde kreftene òg kunne vera nære. Åndsmaktene gjennomsyra heile verda og var til stades i dagleglivet. Difor kunne ein heile tida òg kommunisera med Gud på ulike måtar. Slik ein forstod det i mellomalderen var frelse eit prosjekt som ein måtte og kunne arbeida på gjennom heile livet, òg i det livet etter døden fram til dagen dommen skulle koma. Den enkelte stod heller ikkje åleine, men var ein del av eit solidarisk fellesskap av dei som trudde, levande og døde. Slik var det eit evig band mellom alt i verda og i livet etter døden, i ein evig fellesskap på ulike nivå. Helgenane var sentrale her. Dei var menneska sine nære hjelparar.





I mellomalderen stod norske samfunn, gjennom den norske kyrkjeprovinsen sin organisasjon, i ein kontinuerleg kontakt med Europa. Kyrkja var både lokal og internasjonal på same tid. Dette forholdet var med på å bidra til ei forståing av nærleik og fellesskap. Den katolske kristendommen i mellomalderen var altså prega av nærvere og deltaking på alle nivå og i alle deler av livet. Det var ein kristendom som la stor vekt på at den einskilde tok del, og lekfolket, vanlege truande, var engasjert i alle sider ved truslivet og aktivt inkludert i eit trusfellesskap som inkluderte både dei som hadde gått føre, dei døde, og dei som skulle koma etter.

**Henning Laugerud, førsteamanuensis
i kunsthistorie, UiB.**

Les heile artikkelen på dns.no

Sigrud Undset (1882-1949)

Sigrud Undset blei fødd i 1882, i Kalundborg. Frå tidleg barndom fekk ho høyre danske riddarforteljingar, songar og mellomaldersegn. Far Ingvald var arkeolog, og Sigrud lærte mykje av han. Han døydde då ho var 11 år. Under oppvekståra hennar i Kristiania sleit familien økonomisk, og ho tok handlungsskule og fekk seg kontorpost.

Ho debuterte med romanen «Fru Marta Oulie» i 1907. Gjennombrøtet kom med den moderne kunstnarromanen «Jenny» (1911). Så kom trilogien om Kristin Lavransdatter 1920-22, og ho vart viden kjent. I 1928 fekk ho Nobelprisen i litteratur.

Olav Dalgard skriv: «Fåe verk har så avgjort kvalifisert sin diktar til Nobelprisen. Den historiske bakgrunnen for hendingane i romanen, tida frå kong Håkon V døyrr i 1319 fram til den store manndauen i 1349, har Sigrud Undset teikna ut frå inggåande studium av historiske kjelder, og med intuitiv sans for menneska som er løynde bak dei historiske dokument.»

I 1912 hadde ho gifta seg med målarer Anders C. Svarstad, som ho fekk 3 barn med. Ekteskapet vart

opløyst då Sigrud konverterte til katolisismen i 1924. Ho slo seg ned på Lillehammer og budde der resten av livet. Ho var ein glad avisdebattant, og terga mange på seg. Ho åtvvara tidleg mot den framvekssande nazismen i Europa. Då andre verdskrigen kom, flykta ho til Sverige og kom seg til USA.

I 1947 fekk ho storkrossen av St. Olavs orden for det litterære arbeidet sitt og innsatsen under krigen. Egedomen hennar, «Bjerkebæk», er no museum.



Å leve i norsk historie

I *Kristin Lavransdatter* blir kroppen eit sansesentrum for opplevingane.

Då Sigrid Undset budde i eksil i Brooklyn etter å ha rømt frå nazistane i mai 1940, blei ho spurd om ho kunne tenkje seg å bli amerikanar. Det kunne ho ikkje. Ho ville snarast mogleg heim til Noreg, ja, for ho hadde jo «levd i dette landet i tusen år». Med det sikta ho truleg til fleire ting. Ho hadde vakse opp i Kristiania før hundreårsskiftet, arbeidd der før verdskrigen og busett seg på Lillehammer i 1920, samstundes som ho hadde lært mykje om norsk historie av far sin, arkeologen Ingvald Undset. For Undset var historie aldri berre tal og fakta, men menneskelege kår som var situerte i ein kropp, på ein stad og i ei tid.

Undset hadde òg skrive litteratur om kvinner som sleit med å tilpasse seg endra ideal i industrisamfunnet, mellom anna dagbokromanen *Fru Marta Oulie* (1907), forteljingane i *Den lykkelige alder* (1908) og *Fattige skjebner* (1912), romanen om åleinemora Ida Elisabeth (1932) og gjengifteromanen *Den trofaste hustru* (1936). I tillegg hadde ho skildra menneske i norsk mellomalder.

Kristin Lavransdatter (1920-1922) skildrar ei kvinnes liv i første halvdel av 1300-talet, frå barndomen og oppveksten i Gudbrandsdalen til enkjelivet i Rein kloster utanfor Trondheim. I flerbindsverket Olav Audunssøn (1925 og 1927) rettar Undset merksemda mot ein manns strev med gardsbruk og indre religiøse kriser.

Undset syner korleis menneska i norsk mellomalder levde med kristendomen, og at Noreg var prega av europeisk historie like mykje som av nordisk vikingetid. Med det tok Undset eit klart oppgjær med historikaren Edvard Bull, som hevda at kristendomen ikkje hadde spela ei stor rolle for livet i Noreg. Undset fekk støtte av litteraturhistorikaren Fredrik Paasche, som lik Undset meinte at eldre tekstar tydeleg gav uttrykk for kristne haldningar. Personleg markerte ho òg ståstaden sin i trusspørsmål då ho konverterte til katolisismen i 1924. Ho hadde, som ho forklarte, forstått at det ikkje var menneska som hadde skapt Gud, men at det var Gud som hadde skapt menneska. Alle menneske var difor like verdifulle, uansett korleis dei arta seg – eit syn som førde til at Undset kom i konflikt med den nazistiske ideologien på 1930-talet.

Trilogien om Kristin Lavransdatter er eit godt døme på at Undset alltid skildrar historisk liv slik romanpersonane opplever det, og at kroppen blir eit sansesentrum for opplevingane. I *Kransen* (1920) møter vi veslejenten Kristin, som søvngig og litt rusa av øl går til ein bekk for å drikke vatn. Der får ho syn på «alvemøen», som freistar å lokke henne med seg i berget ved å halde opp ein krans av gullblomar. For lesarane blir møtet med «alvemøen» til eit varsel om Kristins livslagnad: Ho knyter seg til Erlend, riddaren som frir henne frå overfallsmenn, men som òg tek henne med ned då han fell sosialt og mister odelsgården etter eit mislukka forsøk på å blande seg inn i storpolitikken.

I byrjinga av *Husfrue* (1921) blir Kristins kvinnekropp atter eit omdreingspunkt, i samband med den lange og dryge fødselen av eldsteguten Nakkve. Det er ei av dei første detaljerte skildringane i norsk litteratur av ei slik oppleving. Pilegrimsgangen til Nidaros, som Kristin må gjennomføre berrføtt fordi Nakkve blei avla i synd, gjer det mogleg å vise den norske naturen slik den vandrande Kristin sansar han. I *Korset* (1922) blir lesaren vitne til eit siste samleie mellom den eldre Kristin, som synest ho er merkt etter barnefødsler og slit, og hennar framleis spensstige ektemann Erlend. Undset formidlar opplevinga av seksualdrifta i den gamle kroppen, men også skamma som Kristin kjenner på etter at ho har gjeve seg over.

Mange feministiske kritikarar på 1970-talet meinte at Undset var reaksjonær fordi ho la slik vekt på moderskap, hushald og kvinneliv. I dag er det ei ny merksemd og interesse for forfatterskapen hennar, takk vere tematikkar som farskap, seksualliv og alderdom. Og i alle høve gjer Undset det mogleg å leve i norsk historie på ein heilt unik måte.

Christine Hamm , professor i nordisk litteratur, UiB


Bak scenen

Svein Sturla Hungnes, dramatikar og instruktør, er utdanna ved Statens Teaterhøgskole og har spelt store roller i teater, film og TV. Han har vore kunstnarleg rådgivar og fast instruktør ved Nationaltheatret og konstituert teatersjef ved Riksteatret. Frå 2002-2009 var han teatersjef for Oslo Nye Teater. Hungnes har regissert ei mengde oppsettingar ved dei fleste norske scener, mellom anna 25 år med *Peer Gynt* ved Gålåvannet. Her spelte han også hovudrolla i 13 år. Oppsettingar på DNS dei seinare åra har vore Peder Påske, *Når det slutter å regne*, *Dyveke* og *Spelemann på taket*. Han har også hatt ansvaret for ulike Peer Gynt-konsertar i samarbeid med Bergen Filharmoniske Orkester. I 2004 vart han utnemnt til Ridder av 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden for sin innsats for scenekunst og norsk teater. Er tildelt Oslo Bys kulturpris, Ibsen-statuetten og Anders Jahres kulturpris.

Julian Berntzen, komponist, har gitt ut fleire eigne soloalbum, og har turnert i inn – og utland med eige stoff og i format som spenner frå rockeband til

symfoniorkester. Han komponerte musikken til *Felix Fantastiske Orkester* for Det Norske Teatret, og *Snødronningen* på DNS. For sistnemnde fekk Julian Pernillestatuetten av Bergen teaterforening. Julian komponerte også musikken til suksessførestillinga *Hellemyrsvolket* her på DNS. Julian har samarbeidd med ei rekke artistar som komponist og live musikan. I 2003 fekk han Spellemannsprisen for plata *Waffytown* og han vart også nominert for albumet *Rocket Ship Love* i 2008.

Brit Bildøen har skriva songtekstane i samarbeid med Hungnes. Ho arbeider som forfattar, gjendiktar, omsetjar, forlagskonsulent og litteraturkritikar. Ho har vore medlem av Den Norske forfatterforeninga sitt litterære Råd og i 2001 var ho festspeldiktar for Dei nynorske festspela i Ørsta. Brit debuterte i 1991 og har skriva ei rekke diktsamlingar og romanar, mellom anna *Tvillingfeber*, som blei nominert til Brageprisen. Ho har vunne ei rekke prisar, mellom anna Nynorsk litteraturpris og Samlagsprisen.



Ola Bråten er scenograf og lysdesignar og har studert ved Yale School of Drama. Han har arbeidd ved Det Norske Teatret og NRK og vore scenograf og lysdesignar på ei rekke framsyningar, mellom anna *Guys & Dolls*, *Den glade enke*, *Chicago* og *Jul i Blåfjell* på Oslo Nye Teater og *Next to Normal*, *Brørne Løvehjarte* og *Evita* ved Det Norske Teatret. Dette er fyrste gong Ola arbeider ved Den Nationale Scene.

Christina Lovery er kostymedesignar utdanna ved Wimbledon School of Art, University of Surrey og Kunsthøgskolen i Oslo. Christina har lang fartstid som kostymedesignar ved ei rekke norske teater, mellom anna *Billy Elliot* (Folketeatret/Scene Kvelder), *A Christmas for Carol* (Rogaland Teater), *Tenk om* (Det Norske Teatret), *Den glade enke* (Oslo Nye Teater), *Peer Gynt* ved Gålåvannet og *Robin Hood* (Trøndelag Teater). Ho har også designa kostyme for ei rekke TV-seriar og show på NRK. I 2016 designa Christina kostyme på *Spellemann på taket* på DNS.

André Danielsen er koreograf og dansar. Han er utdanna frå Kunsthøgskolen i Oslo. Danielsen har gjort fleire store produksjonar som koreograf, mellom anna *Next to Normal*, *Mot i Brøsta*, *Mann 44*, *Utfor Stupet*, *Ti Liv*, *Peer Gynt*, *Jul i Blåfjell*, *Saturday night at Paladium* og *Brørne Løvehjarte*. Her på DNS har han mellom anna hatt koreografi på *Peder Påske*, *Privat liv*, *Dyveke* og var regiassistent på *Når det slutter* og *regne*. Han var òg koreograf på *Spellemann på taket* i 2016.



På scenen



Kristin:
Herborg Kråkevik




Kristin/Sunniva:
Nina Hammarklev



Kristin som ung/son:
Tomine Mikkeline Eide



Erlend:
Hans Marius Hoff Mittet



Lavrans:
Bjørn Willberg Andersen



Ragnfrid:
Irene Waage



Ramborg/Ingebjørg:
Susann Bugge Kambestad



Simon:
Sindre Postholm



Ulv:
Frode Bjørøy



Ulv:
Sigmund Njøs Hovind



Eline:
Benedikte Sørbye



Åshild/Alvemøens stemme:
Ragnhild Gudbrandsen



Broder Edvin:
Gerald Pettersen



Sira Eirik:
Kristoffer Sagmo Aalberg



Bentein/Jammelt:
Sverre Breivik



Inga/Fru Groa:
Kjersti Elvik



Arne/Vidar:
Aksel Mørk



Gyrd/Haftor:
Håkon Moe



Potentia/Sunniva/Alma:
Katrine Lunde Mackenzie



Munan/Holmgeir/Nåkkve:
Kristian Berg Jåtten



Andres/Sysselmann:
Sverre Røssummoen



Bård/Kolbein:
Jon Ketil Johnsen



Gunnhild:
Hilde Trætteberg Serkland



Dansar:
Ane Evjen Gjøvåg



Dansar:
Antero Hein



Dansar:
Stian Danielsen



Dansar:
Stian Bergdølmo



Dansar:
Anette Stokke



Kristin og
Ramborg som barn:
Emmelin Marsteen



Kristin og
Ramborg som barn:
Linnea Selvik Hellesøy



Ulvhild som barn:
Andrea Othilie
H. Willhelmsen



Ulvhild som barn:
Stella Iversen



Bentein som barn:
Julian Søreide Solsvik



Bentein som barn:
Mathias Tiedemann



Bentein som ungdom/
Nåkkve som barn/ungdom:
Filip Rasmussen



Bentein som ungdom/
Nåkkve som barn/ungdom:
Jakob Husa Moldestad



Arne som barn:
Olai Bordvik



Arne som barn:
Didrik August Strønen Damm



Arne som ungdom/
Gaute som barn/ungdom:
Leon Krog Vignal



Arne som ungdom/
Gaute som barn/ungdom:
Simen C. Olerud

OBOS-
medlemmer
opplever mer
for mindre!



Fordeler hele livet

Som OBOS-medlem stiller du foran i køen den dagen du skal kjøpe egen bolig. Du får også en rekke fordeler alle de årene du ikke benytter deg av forkjøpsretten:

- Inntil 50 % rabatt på bolig- og kulturtilbud.
- Svært gode betingelser på lån, sparing og forsikring.
- Forkjøpsrett til 90 000 nye og brukte OBOS-boliger.



Første akt

Rondane

1. Bind meg ein krans
2. Alvmøya sin

Ei kyrkje

3. Løft våre sjeler opp
- #### *På Jørund, heimlassen til Kristin*
4. Kristins vals
 5. Kom og gi meg din hand
 6. Ringdans
 7. Han aleine viser veg
 8. Om eg går i hennar stad
 9. Trulovinga
 10. Mi rose
 11. Likvake
 12. Brenn meg

Klosterkyrkja, ein hage, klosteret

13. Guds milde mor
14. Sankthas
15. Aldri skal du gråte
16. Erlends Frille
17. Dyrebart er løftet mitt til han

Ei kneipe

18. Burlesque

Jørund, heimlassen til Kristin, ei kyrkje

19. Har eg gjort det rette?
20. Eg vil prøve å forstå
21. Gje meg ditt ja

Andre akt

Husaby, heimlassen til Erlend og Jørund

1. Husfrue
2. Eg skal sone mi skam
3. Mine beste år er no
4. Nidvise
5. Kva er eg for mann?
6. Kva er han for mann?
7. Kongesvik og råd
8. Eg erkjenner
9. Eg er den som elska deg
10. Løft våre sjeler opp
11. Alle eldar brenn ut
12. Gode menn

Ei kyrkje

1. Løft våre sjeler opp

